



Det kgl. Barne- og Familiedepartement
Postboks 8036 Dep.

330 00

Gaupne, 07.01.05

Arkivsak: 04/03479
Arkiv nr.: /A1/ &13
Sakshands.: Oddbjørg Ese

0030 OSLO

2009/04169
- 401

HØYRINGSNOTAT OM NY BARNEHAGELOV.

Luster kommune har fylgjande kommentarar til høyringsnotat om ny barnehagelov:

Kapittel 1. Barnehagens formål og innhold

§ 2. Barnehagens innhold

Det er positivt å få ein innholdsparagraf som gjev klare føresetnader for kva som skal vere barnehagen sitt innhald. Dette kan sikre brukarane eit kvalitativt godt barnehagetilbod.

Kapittel III. Ansvar og myndighet

§ 8 Kommunens ansvar

Kommunane har ansvar både som barnehageeigar og som barnehagemyndighet. For å presisere korleis ansvar det er tale om, bør overskrifta på denne paragrafen vere "*Kommunens ansvar som barnehagemyndighet*".

§ 9 Fylkesmannens ansvar

Luster kommune er nøgde med at det vert lagt opp til ei klarare ansvarsdeling mellom kommune og fylkesmann.

Kapittel V: Personalet

§ 18 Ledelse

Luster kommune meiner at det ikkje lenger bør være krav om at leiar må vere førskulelærer. Eigar av barnehagen er best skikka til å vurdere korleis fagleg kompetanse som krevst av leiar. Alternativ A i lovteksten - der det krevst at barnehagen skal ha en "*forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse*" og en "*daglig leder*" - er etter Luster kommune sitt syn det beste alternativet.

§ 19 Barnehagens øvrige personale

Luster kommune meiner at det ikkje er nødvendig å lovfeste stillingskategoriar slik som dagens barnehagelov gjer, og meiner at alternativ D til lovtekst er den beste. Kommunen skal syte for kvalifisert personale til sine verksemdar, ut frå ynskje og mål om høg kvalitet i barnehagane.

Med helsing

Terje Bakke Nævdal
rådmann